

Kunsten sitt moglegheitsrom – kunsten si rolle i Møre og Romsdal i framtida

29/09 2022 08:30 - 16:00

Parken Kulturhus, Ålesund

Publisert: 07.03.22 Oppdatert: 05.09.22



Møre og Romsdal fylkeskommune, Ålesund kommune, Møre og Romsdal kunstsenter og Høstscena inviterer til seminar om kunst i stadutvikling i Parken kulturhus i Ålesund 29. september kl. 0830 – 1600.

Formålet med dagen er å kople kommunar, by- og stadutviklarar og kunstnarar for å sjå på moglegheitene som ligg i å involvere kunstnarar gjennom heile planleggingsfasen i by- og tettstadprosjekter.

Målgruppe: kommunar (kulturavdeling, samfunnsutvikling, kommunal planlegging), planleggarar og utviklarar innan by- og tettstadutvikling, kunstnarar, offentlege og private oppdragsgivarar som jobbar med kunst i offentleg rom og andre som er interessert i kunst i by- og stadutvikling.

Stad og tid: Foajéen, Parken Kulturhus, Ålesund, kl. 0830-1600

God by- og stadutvikling er ei utfordrande oppgåve og forventningane til gode og attraktive offentlege rom er høge. For å møte desse forventningane må vi kanskje utfordre dei tradisjonelle metodane for by- og tettstadutvikling og ta i bruk nye og andre ferdigheiter. Det er her kunstnarane kan bidra. I seminaret vil vi utforske korleis kunst og kunstnarar kan vere med på utvikle ein by eller tettstad. Og kva skjer når kunstnarar blir involvert i planleggingsfasen i by- og stadutviklinga?

På programmet er ein verkstad fasilitert av Piwot (<https://www.piwot.no/>). Der vil vi jobbe med korleis ein kan skape gode stadutviklingsprosjekt saman med kunstnarar.

Til seminaret kjem KORO, dei vil snakke om si prosjektstøtteordning (Lokalsamfunnsordningen) og moglegheitene som ligg i kunst i stadutvikling.

Meir detaljert program finn du som pdf lenger ned på sida.

Program med Høstscena:

Etter seminaret kan deltakarar få oppleve Francesca Grillis «Sparks» som er ein del av programmet på Høstscena. Les meir om meir om «Sparks» her: <https://hostscena.no/sparks/> . Det er berre 20 tilgjengelege plassar på denne framsyninga.

Påmeldingsfrist til seminaret er 10. september

Dokumenter



Program seminar 29. september

Kontakt



Camilla Wiik
koordinator DKS, rådgivar kunstformidling
71 28 03 09 / 906 74 399
[Send e-post](#)